



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 17/4651-1

## **Skriv og melding fylkesrådet for eldre 1. juni 2017**

- 1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande**
- 2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og  
melding vert lagt under kvar meldesak**

### **Vedlegg:**

Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune om TEK 17  
 Svar på KS om høyring om nasjonal ordning for oppbevaring av pasientjournalar  
 Innspel til økonomiplan 2018 – 2021  
 Resolusjon frå Pensjonistforbundet  
 Fråsegn frå fylkesrådet for eldre til Naustdal kommune  
 Opprop frå råd for eldre og funksjonshemma i Selje  
 Skriv frå Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane om Pasientreiser  
 Uttale frå Fagforbundet sin konferanse i for pensjonist- og uføretillitsvalde

### **Meldesak 1) Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune – TEK 17**

Direktoratet for byggkvalitet arbeider på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet med ein gjennomgang av byggteknisk forskrift (TEK 10). Formålet er å forenkle og forbetre byggereglane og redusere byggekostnadane.

Hordaland fylkeskommune har sendt inn fråsegn til høyringa om TEK 17. Høyringsfristen var 10. februar 2017.

### **Meldesak 2) Svar frå KS om høyring om nasjonal ordning for oppbevaring av pasientjournalar ved overdraging og opphøyr av verksemد**

Helse- og omsorgsdepartementet sendte på høyring forslag om etablering av ei nasjonal ordning for oppbevaring av pasientjournalar ved overdraging og opphøyr av verksemđ. KS støttar forslaget om avlevering til den nasjonale ordninga. Heile høyringsuttalen frå KS er vedlagt.

### **Meldesak 3) Innspel til økonomiplan frå fylkesrådet for eldre**

Fylkesrådet for eldre sende 5. april 2017 fyljande innspel til økonomiplanen 2018 - 2021:

- *I alt plan- og omstillingsarbeid må det leggast vekt på at dei mest sårbare gruppene ikkje vert spesielt hardt råka*
- *Folkehelseperspektivet må ha høgt fokus. Det må leggast til rette for å ta gode val og styrke folkehelsa*
- *I planarbeidet med nye fylkesvegar må det også planleggast gang/sykkelvegar. Busstopp må utformast universelt og det er framleis ein del eksisterande stopp som er direkte trafikkfarleg plassert og må byggast om eller flyttast*
- *Rassikringstiltak må ha høg prioritet for å gjøre kvardagen betre for brukarane*

- Ved ruteendringar eller rutekutt vert som regel utkantane råka. For å kompensere for problema som oppstår, må serviceskyssen byggast vidare ut for å kompensere for bortfall av ruter. Det må vurderast å innføre ei ordning med «bestillingsskyss». Mange i utkantane har problem med å knytte seg til ekspressruter grunna mangel på tilførselsruter. Ei ordning med «bestillingsskyss» kan løyse slike problem

#### **Meldesak 4) Resolusjon frå Pensionistforbundet**

Pensionistforbundet Sogn og Fjordane har på sitt årsmøte vedteke ein resolusjon om at eldreråda må få betre arbeidsvilkår. Eldreråda har rett til å uttale seg i saker som vedkjem dei eldre, dei skal få sakene i god tid og dei har krav på god, stabil og kvalifisert sekretærhjelp.

#### **Meldesak 5) Fråsegn frå fylkesrådet for eldre til Naustdal kommune**

Fylkesrådet for eldre sende følgjande uttale på e-post 11. mai 2017:

*Fylkesrådet for eldre har følgjande uttale til høyringa om forskrift omrett til sjukeheimslass:*

*Fylkesrådet for eldre er positive til at Naustdal kommune vedtek retningslinjer for korleis kommunen skal handtere spørsmål kring ventelister for langtidsopphald.*

*Det er viktig at pasientar og brukarar på ventelister vert vurdert fortløpende, då sjukdomsbiletet ofte endrar seg raskt i desse aldersgruppene. Det må vere ei vurdering av alle brukarar som er innanfor kriteria når plassar skal tildelast. Ventelister og vurderingsprosessar må heile tida vere «levande» opp mot den enkelte brukaren sin helsetilstand og behov for omsorgstenester.*

*Dei som er kvalifisert til langtidsopphald på sjukeheim, bør få plass på sjukeheim straks.*

*Det bør òg vurderast i kva grad kommunen nyttar omsorgsbustader med heildøgnstilsyn, opp mot tilbod om fullverdige sjukeheimslassar. Sjølv om omsorgsbustader med heildøgnstilsyn er eit godt og rett tilbod for mange, må kommunen ha tilstrekkeleg tal sjukeheimslassar utfrå normtal for dette, for å gje eit godt nok samla tilbod til brukarane.*

#### **Meldesak 6) Oppsummering og informasjon frå studietur til Danmark 3. – 7. april**

Medlemmene i fylkesrådet for eldre (med unntak av Henrik), var på studietur til Danmark.

#### **Meldesak 7) Oppsummering og informasjon frå landskonferanse i Ålesund 22. – 24. mai**

Harald og Anna var på landskonferansen i Ålesund.

#### **Meldesak 8) Opprop frå råd for eldre og funksjonshemma i Selje**

Rådet for eldre og funksjonshemma i Selje krev at myndighetene snarleg syter for at nettleida vert lik, uansett kva område straumbrukarane bur i.

#### **Meldesak 9) Skriv frå Pensionistforbundet i Sogn og Fjordane om Pasientreiser**

Pensionistforbundet i Sogn og Fjordane vedtok i styremøte 15. april eit skriv i tilknyting til dei nye forskriftene for refusjon av Pasientreiser. Pensionistforbundet har ynskje om at fylkesrådet for eldre og dei kommunale eldreråda tek saka vidare i sitt arbeid.

#### **Meldesak 10) Uttale frå Fagforbundet sin konferanse for pensjonist – og uføretillitsvalgte**

Fagforbundet sin pensjonisttiltillsvalgkonferanse har sendt uttale til NAV, der dei krev at NAV etablerer ei ordning der dei som har bruk for det, kan få hjelp og rettleiing til å fylle ut skjema og reiserekningar for refusjon av pasientreiser.